



Seljord

Helse og omsorg

Helseberedskapsplan



DEL A - ADMINISTRATIV DEL	3
1.1 INNLEIING	4
1.2 GRUNNLAGSDOKUMENT	5
1.3 PLANEN SI OPPBYGGING.....	6
1.4 AVKLARINGAR	6
1.5 KOMMUNEN SITT ANSVAR INNAN HELSE- OG OMSORGSTENESTER.....	7
1.6 SENTRALE AKTØRAR SINE OPPGÅVER OG MYNDE	9
1.7 UTARBEIDING, GODKJENNING OG REVISJON	11

Dato	Planlagt revidert	Endring	Godkjent av
15.09.2022		NY! Helseberedskapsplan	PS 57/2022 Kommunestyret
	09.2023		

Del A - Administrativ

Planen er bygd opp etter mal frå helsedirektoratet og skal vera eit arbeidsdokument under kriser. Planen tek sikte på å gje dei nødvendige instruksar, for på kort varsel å kunne mobilisere personell og materiell i kommunen si helse- og omsorgsteneste. Planen bygger på overordna beredskapsplan i kommunen.

Helseberedskapsplanen i Seljord kommune består av:

A – Administrativ del

B – Operativ del med tiltakskort

C – Delplan – Plan for psykososial omsorg og støtte ved ulykker og krisesituasjonar

D – Delplan – Smittevernplan

E – Delplan – Pandemiplan

F – Delplan – Plan for massevaksinering

1.1 Innleiing

Denne planen er å rekne som ein delplan til kommunen sin overordna beredskapsplan.

Beredskapsarbeid skal gå føre seg på alle nivå i forvaltinga. På nasjonalt nivå er beredskapsarbeid forankra hjå regjering og departement, på regionalt nivå hjå Statsforvaltar og Helseføretaka. Dei fleste kriser oppstår i ein kommune og difor er det kommunale ansvar ufråvikeleg. Alle kommunar er i tillegg forplikta til å hjelpe omliggjande kommunar dersom ein blir beden om det.

Helse- og omsorgstenesta har ei særstilling i kommunalt beredskapsarbeid. Det blir levert tenester til alle innbyggjarane i kommunen. Nokre av tenestene er døgnkontinuerlege innanfor til dømes institusjon, medan andre tenester blir utført i heimen, på dagsenter og på helsesenter.

Seljord kommune er vertskommune for interkommunal legevakt, og har såleis eit ansvar for å levere akutt helsehjelp ved små og store hendingar. I helseavdelinga ligg og kommunen sin kompetanse innan psykisk helsearbeid. Difor vil eininga alltid vere sentral i kommunen sitt beredskapsarbeid, og utgjere ei vesentlege del av operativt personell i kommunen når alvorlege hendingar oppstår.

1.2 Grunnlagsdokument

Relevante dokument, lover og forskrift:

Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-06-23-56>

Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1994-08-05-55>

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester mm (helse- og omsorgstjenesteloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=lov%20om%20sosiale%20tjenester>

Lov om helsepersonell mv. (helsepersonelloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64?q=lov%20om%20helsepersonell>

Lov om spesialisthelsetjenesten m.m (spesialisthelstjenesteloven)

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-61?q=lov%20om%20spesialisthelsetjenesten)

[61?q=lov%20om%20spesialisthelsetjenesten](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-61?q=lov%20om%20spesialisthelsetjenesten)

Lov om pasient- og brukerrettigheter Lov om helseforetak m.m. (helseforetaksloven)

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63?q=lov%20om%20pasient%20og%20bruker)

[63?q=lov%20om%20pasient%20og%20bruker](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63?q=lov%20om%20pasient%20og%20bruker)

Lov om særlige rådgjerder under krig, krigsfare og liknende forhold (beredskapsloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1950-12-15-7?q=beredskapsloven>

Lov om kommunal beredskapsplikt , sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-06-25-](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-06-25-45?q=lov%20om%20kommunal%20beredskapsplikt)

[45?q=lov%20om%20kommunal%20beredskapsplikt](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-06-25-45?q=lov%20om%20kommunal%20beredskapsplikt)

Forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaksordning, ambulansetjeneste, medisinsk nødmeldetjeneste mv. (akuttmedisinforskriften)

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-03-20-231?q=akuttmedisinforskriften>

Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven)

<https://lovdata.no/sok?q=matloven>

Lov om strålevern og bruk av stråling (strålevernloven)

<https://lovdata.no/sok?q=str%C3%A5levernloven>

Kgl. res. om atomberedskap (sept 2013)

<https://lovdata.no/sok?q=atomberedskap>

Nasjonal Helseberedskapsplan

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/a-verne-om-liv-og-helse/id2583172/>

Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-07-23-881?q=beredskapsplanlegging>

Veileder for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer – IS – 1810

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/mestring-samhorighet-og-hap-veileder-for-psykososiale-tiltak-ved-kriser-ulykker-og-katastrofer>

Alle aktuelle lover og forskrifter det henvises til finnes på <https://lovdata.no>

1.3 Planen si oppbygging

Planen har ei kort innleiing fordi ein ynskjer å ha hovudfokus på *beredskapsdelen* -kven gjer kva, korleis og når ved ei krise eller katastrofe.

Det er viktig at planverket fungerer godt i det daglege arbeidet, både i høve til å definere risikoområde /hendingar som kan oppstå, skildre tiltak, og plassere ansvar og roller når kriser og katastrofar oppstår.

Tiltakskort sentrale og skal bidra til at planen er lett å navigere i. Tiltakskort er bygd på risikovurderingar og inneheld konkrete skildringar av korleis ein skal handtere ei hending.

Lowerk, forskrifter og nasjonale føringar skal ligge som lenkjer til internett. Einingane sine planar og varslingslister skal byggjast opp etter ein felles mal, oppdaterast i tråd med årshjulet, og elektronisk utgåve skal ligge i Compilo – kommunen sitt kvalitetssystem. Med dette sikrar ein seg at planen er oppdatert.

Tradisjonelt har beredskapsplanar innehalde detaljerte skildringa av roller og ansvar på skadestad. Dette har ein i denne planen gått bort i frå fordi naudetatane har sine godt innarbeidde prosedyrar for ansvar, oppgåver og triagering på samlingsplass som er i bruk dagleg ved små og store hendingar. Ein har likevel valt å lage eit eige tiltakskort ved større ulykker / katastrofar, mykje fordi kommunen har ansvar for drift av interkommunal legevakt.

Planen har ein eigen heilskapleg smittevernplan med tilhøyrande tuberkuloseplan. Det er lenka til smittevernplanen i denne planen.

Infeksjonskontrollprogrammet ligg i Compilo. Dette er eit styringsdokument som beskriv dei systematiske tiltak som er naudsynte for å redusere/forhindre førekomsten av infeksjonar og berarskap av smittsame mikrobar.

1.4 Avklaringar

Kommuneoverlege og smittevernlege er same person i Seljord. Kommuneoverlege har ansvar for begge funksjonane.

Vikar for kommuneoverlege/smittevernlege er kommunelege ved Legesenteret. Dette avtalar kommuneoverlege ved fråvær.

Vikar for kommunalsjef helse og omsorg er rådmann. Ved eigne avtaler kan og einingsleiar Tilrettelagte tenester vere stadfortredar.

1.5 Kommunen sitt ansvar innan helse- og omsorgstenester

Helse- og sosial beredskap er kommunen og helse- og omsorgstenesta si førebuing på å handtere helsemessige konsekvensar av ulukker, kriser og katastrofar. Helse- og omsorgstenestene skal verne om liv og helse, og bidra til at befolkninga får medisinsk behandling, pleie, omsorg og sosiale tenester. Dette er det overordna mål også ved kriser og katastrofar.

Tryggleiks- og beredskapsarbeidet i Noreg byggjer på fire viktige prinsipp:

- **Ansvarsprinsippet:** Den som har ansvaret for ein organisasjon i dagleg drift, har også ansvaret for organisasjonen i ein ekstraordinær situasjon.
- **Likskapsprinsippet:** Organisering i ekstraordinære situasjonar, krise og krig skal vere mest mogleg lik organiseringa i ein normalsituasjon.
- **Nærleiksprinsippet:** Ekstraordinære situasjonar skal handterast på lågast mogleg nivå.
- **Samvirkeprinsippet:** Alle verksemdar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogeleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med beredskap og krisehandtering.

Ansvar for ein teneste i normalsituasjon gjev også beredskapsansvar. Den som har ei oppgåve i det daglege, skal og ha oppgåva i ein ekstraordinær situasjon. Ekstraordinære situasjonar kan gjere det naudsynt med omfordeling av ressursar, personell og utstyr. Plan for helse- og sosial beredskap skal byggje på den daglege tenesta, og gjelde for ekstraordinære situasjonar.

I akutte situasjonar der tryggleik, liv og helse er truga er det to faktorar som er viktige og avgjerande:

- Tid
- Kompetanse

Det er difor viktig med eit godt førebudd system som er klar til innsats direkte etter varsling. Dette krev at oppgåve- og ansvarsfordeling til ein kvar tid må vere avklart, både hjå leiing og den einskilde tenesteutøvar. Vidare må kjennskapen til, og kunnskap om helse- og sosial beredskap vere god, og viktigheita av nær samhandling vere prioritert gjennom regelmessig trening på oppgåve- og rollefordeling i ein akuttsituasjon.

Beredskap krev:

- Oppdatert planverk
- Rutinar for risikovurdering
- Tydeleg og avklart ansvar og roller
- Personell
- Materiell
- Kompetanse
- Samhandling /øving

Kommunen skal ha ei definert *overordna kriseleing* med ordførar og rådmann i spissen. Overordna kriseleing blir aktivert ved store og alvorlege hendingar. Dette vil vere hendingar som er, eller kan bli, så omfattande at dei ikkje kan bli handtert i eining. Hendinga gjer det naudsynt med ein spesiell respons, merksemd eller koordinering.

Kommunen skal vidare ha ein *beredskapskoordinator* som er ansvarleg for koordinering av det overordna beredskapsarbeidet. Kommunen skal *ha eit psykososialt kriseteam* som skal fylgje opp tilsette, brukarar og pårørande når kriser og katastrofar oppstår. Kommunen har ei *helseberedskapsgruppe* som består av kommunalsjef og utvida leiargruppe. *Kommunalsjef* leier denne gruppa. I beredskapsarbeid som omhandlar smitte er *kommuneoverlegen* ansvarleg, og vil leie dette arbeidet.

Det er lagt vekt på at desse personane skal samhandle for å sikre ein raud tråd gjennom alt beredskapsarbeid i kommunen. Dette inneber at kommunen ynskjer å ha øvingar der ein brukar planverket aktivt, både på overordna nivå og ute i einingane. Vidare må kommunen ha eit system for å sikre minimumskompetanse om beredskapsarbeid hjå alle tilsette. Tenestekområde helse og omsorg ynskjer å prioritere dette arbeidet i neste planperiode.

I ekstraordinære situasjonar skal kommunen kunne:

- Fremje helse og forebygge sjukdom, skade og lyte
- Forebygge og behandle sosiale problem
- Diagnostisere og behandle sjukdom, skade og lyte
- Gje pleie og omsorg i institusjonar, boligar med heildøgns bemanning og i eigen heim
- Gje hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar
- Sørge for psykososial oppfølging etter ulykker, kriser og katastrofar
- Opprette evakuerte- og pårørandesenter (EPS)

Einingar/tenester som omfattast av helseberedskapsplanen:

- Helseavdelinga
- Open omsorg
- Institusjon
- Tilrettelagte tenester
- Tenestekontoret
- Interkommunal psykologteneste

1.6 Sentrale aktørar sine oppgåver og mynde

Kommunalsjef

- Skal tiltre kommunens sentrale beredskapsleiing
- Ansvar for tenesteområdet helse og omsorg
- Koordinere eininganes innsats i ein beredskapssituasjon
- Bringe vidare informasjon til einingsleiarane og samtidig ta imot informasjon frå dei
- Ha oversikt over tiltak og utfordringar i dei ulike einingane, og skal
- Sette i verk ulike tiltak som einingsleiarane fylgjer opp
- Aktivere relevante einingsleiarar og styre korleis kommunikasjonen dei imellom skal skje

Kommuneoverlege

- Skal tiltre kommunens sentrale beredskapsleiing
- Rådgjeving i forhold til helsemessige aspekt/problemstillingar
- Ha oversikt over medisinskfaglege ressursar i ein krisesituasjon og bidra med prioritering og styring av dei
- Gje medisinskfaglege råd til beredskapsleiinga, kommunalsjef for helse og omsorg og einingsleiarane, og understøtte dei i ein beredskapssituasjon.
- Koordinering av tiltak innan helse- og omsorgstenesta sin innsats saman med beredskapsleiinga, med særleg fokus på samhandling mellom forvaltningsnivåa
- Bidra til utforming av ein samla informasjonsstrategi innanfor planens mandat og ha ansvar for utøving i samarbeid med kommunens beredskapsleiing.
- Kommuneoverlegens rolle er særskild viktig i beredskapssituasjonar som involverer akutte helsetenester, folkehelse og smittevern. Kommuneoverlegen leiar arbeidet med smittevern i ein beredskapssituasjon

Einingsleiarane

- Ansvar for beredskapsarbeidet i si eining
- Funksjon som koordinator for dette arbeidet
- Legge til rette på einingsnivå, og skal virke direkte inn mot dei underliggende avdelingane
- Vidareformidle relevant informasjon frå kommunalsjef til si eining, og skal fylgje opp tiltak som vert sett i verk av kommunalsjef
- Sette i verk eigne tiltak som fylgjer av einingas prosedyrar, eller som vert vurdert som hensiktsmessig
- Jobbe tett på einingane i det fortløpande beredskapsarbeidet, kartlegge utfordringar og rapportere til kommunalsjef
- I tillegg skal einingsleiar hjelper einingane slik at dei kan fokusere på sine taktiske oppgåver i ein beredskapssituasjon

Kommunikasjon og samarbeid vil variere i ulike beredskapssituasjonar. Enkelte situasjonar vil krevje regelmessige møte mellom kommunalsjef, kommuneoverlege og einingsleiarar. I andre situasjonar vil telefonisk kontakt vere tilstrekkeleg. Kommunalsjef avgjer samarbeidsform ut frå beredskapssituasjonen.

Helseberedskapsgruppa

Helseberedskapsgruppa skal koordinere og leie kommunale tiltak innan helse, etter delegering frå beredskapsleiinga. Det skal vere tett dialog mellom helseberedskapsgruppa og den overordna beredskapsleiinga undervegs. Viss krisa når eit visst omfang, vil den overordna beredskapsleiinga overta koordinering og ansvar.

Helseberedskapsgruppa sine oppgåver er å vera:

- Ei operativ arbeidsgruppe i aktuelle beredskapssituasjonar /kriser
- Ein rådgjevande instans overfor kommunen si overordna kriseleiing
- Ein instans som set i verk naudsynte tiltak ved behov

Helseberedskapsgruppa består av:

- Kommunalsjef helse og omsorg - leiar
- Einingsleiar Open omsorg
- Einingsleiar Institusjon
- Einingsleiar Helseavdelinga
- Einingsleiar Tilrettelagte tenester
- Kommuneoverlege
- Tenestekontoret
- Interkommunal psykologteneste

Helseberedskapsgruppa ved leiar, eller den som har fått delegert oppgåva, skal sikre at det blir gjennomført øvingar i beredskapsarbeid, og syte for at kommunens ROS analyser innanfor helse- og omsorgstenesta sine område vert utarbeidd og revidert.

Det er kommunalsjef som leier helseberedskapsgruppa, unntaket er kriser som kjem inn under smittevern. Då er det kommuneoverlegen som leier helseberedskapsgruppa.

Helseberedskapsgruppa vil, utover kommunalsjef og kommuneoverlege, bestå av einingsleiarar og fagpersonar. Det er leiar som har ansvar for å konstituere helseberedskapsgruppa.

Helseberedskapsgruppa har mynde innanfor helseberedskapsplanen:

- Kalle inn det personell det er behov for ut frå aktuell hending og behovsanalyse
- Sett i verk, forberede beredskapsarbeid og innsats i tråd med gjeldande beredskapsplanar

- Koordinere beredskapsinnsats innanfor ansvarsområder, der overordna beredskapsleiing ikkje er etablert
- Pålegge tilsette og rekvirert personell nødvendig overtid og/eller skiftarbeid etter fullmakt frå rådmann
- Kjøpe inn/leige inn det utstyr og dei driftsmidlar personalet måtte ha bruk for i den enkelte situasjon
- Inngå nødvendige samarbeidsavtaler.
- Informere overordna beredskapsleiing om arbeidet

1.7 Utarbeiding, godkjenning og revisjon

Jamfør overordna beredskapsplan, er kommunalsjef helse og omsorg ansvarleg for å sikre utarbeiding, revisjon og forsvarleg øving av beredskapsplanar på sitt tenesteområde. Kommunalsjef helse og omsorg har ansvar for administrativ og operativ del av helseberedskapsplanane.

Innhaldet i planen skal evaluerast og reviderast:

- Dersom heile eller delar av planen har vore i bruk. Ansvar: Kommunalsjef Helse og omsorg
- Minimum ein gong annan kvart år. Ansvar: Kommunalsjef Helse og omsorg

For eininganes prosedyrar gjeld fylgjande for evaluering og revidering:

- Dersom heile eller delar av planen har vore i bruk. Ansvar: Einingsleiar
- Minimum ein gong annakvart år. Ansvar: Einingsleiar
- Varslingsplanar og personelloversikt som ikkje er knytta til Gat eller Nødnett reviderast minst ein gong i året. Ansvar: Einingsleiar
- Personalgrupper i GAT oppdaterast automatisk

Denne planen skal vere tilgjengeleg i kommunen sitt elektroniske kvalitetssystem, Compilo. Alle einingsleiarar, kommuneoverlegen og kommunalsjef helse og omsorg skal oppbevare ein papirkopi av planen.